




Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# HØYRING AV FORSLAG TIL SKOGVERN



**MARDALEN NATURRESERVAT - UTVIDING**

**MOLDE KOMMUNE**

Høyringsfrist 24.07.2024

2024/1347

*Framsida: Inn Mardalen mot Austre Mardalsfossen (foto: Statsforvaltaren)*

## Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I februar 2024 var om lag 5,3 % av skogarealet og ca. 4,0 % av den produktive skogen verna i Noreg. Det er eit nasjonalt miljømål at «*et representativt utval av naturtypene i skog blir verna for kommande generasjonar*». Vern av skog er også viktig for å nå fleire av dei andre miljømåla, til dømes at «*utrydding av trua artar i skog skal opphøyra og status for artar i nedgang skal ha blitt forbetra innan 2020*» og at «*mangfald av naturtypar i skog skal bli tatt vare på eller gjenopprettast innanfor sitt naturlege utbreiingsområde, og slik at alle stadeigne artar finns i levedyktige bestandar*».

I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved friviljug vern av privateigd skog. Friviljug vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Dersom ein har naturfagleg kunnskap om det aktuelt tilbodsområde frå før, kan slike data bli lagt til grunn for ein eventuell verneplanprosess. Dersom området ikkje er kartlagt tidlegare, vil miljøvernstyresmaktene også vurdere tilbodet og sette eventuelt i gang med naturfaglege registreringar for å kartlegge verneverdiar. I Møre og Romsdal er ein vesentleg del av den verneverdige skogen kartlagt tidlegare og aktuelle data er tilgjengelege i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).

Om det på bakgrunn av ei slik registrering vil vere aktuelt å fremme eit verneforslag for det aktuelle arealet, skal det gjennomførast forhandlingar med grunneigar om avgrensing, verneforskrift og økonomisk erstatning. Når staten og grunneigar er kome til semje om desse punkta, vil området gjennomgå ei vanleg saksbehandling i tråd med naturmangfaldlova.

## Tilbodet

Statsforvaltaren fekk tilbod om frivillig skogvern på gnr/bnr 279/5, 7 og 37 i Mardalen i Molde kommune. Tilbodet medfører ei utviding av Mardalen naturreservat med ca. 439 dekar fordelt på 2 delområde. Tilbodet vart framsett i brev frå ALLSKOG SA den 16.02.2024.

Eine delen av tilbodet på 135 daa er alt verna som Eikesdalsvatnet landskapsvernområde, og det vil ikkje bli brukt ressursar på å oppgradere dette til naturreservat. Den vidare oppfølginga gjeld difor berre den sørlegaste delen. Denne vil binde saman dei to delområda som utgjer Mardalen naturreservat.

ALLSKOG vil taksere skogen i tilbodsområdet, og det blir forhandla fram ein erstatningsavtale med grunneigarane. Området vil ikkje bli tilrådd verna før avtalen om erstatning er signert, men ALLSKOG har på vegne av grunneigaren akseptert at planprosessen vert sett i gang. Statsforvaltaren meldte oppstart av verneplanprosess for området i brev av 23.04.2024.

## Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av lov av 16. juni 2009 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, blir foreslått brukt for skogsområda i dette verneplanframlegget.

Naturmangfaldlova § 37 i har slik ordlyd:

«Som naturreservat kan vernes områder som

- a) inneholder truet, sjelden eller sårbar natur,
- b) representerer en bestemt type natur,
- c) på annen måte har særlig betydning for biologisk mangfold,
- d) utgjør en spesiell geologisk forekomst, eller
- e) har særskilt naturvitenskapelig verdi.

Som naturreservat kan også vernes et område som er egnet til ved fri utvikling eller aktive gjenopprettningstiltak å få verneverdier som nevnt i første ledd.

I et naturreservat må ingen foreta noe som forringer verneverdiene angitt i verneformålet. Et naturreservat kan totalfredes mot all virksomhet, tiltak og ferdsel. I forskriften kan det gis bestemmelser om vern av kulturminner i reservatet.

Treffes vedtak om reservat som krever aktive gjenopprettningstiltak, eller vedtak om reservat der bruk er en forutsetning for å ivareta verneformålet, skal det samtidig med vernevedtaket legges frem et utkast til plan for skjøtsel for å sikre verneformålet. Planen kan omfatte avtale om bruk av arealer, enkeltelementer og driftsformer. Planen eller avtalen kan inneholde bestemmelser om økonomisk godtgjørelse til private som bidrar til områdetets skjøtsel.»

### **Naturfaglege registreringar**

I Naturbase er det registrert to lokalitetar med verdifulle naturtypar innanfor området. Begge desse er delvis verna, så det foreliggende tilbudet medfører at meir av lokalitetane vert verna.

Lokaliteten Mardalsbotnet-Kobbessaet (BN00022364) er rik edellauvskog av svært viktig verdi, og blir omtala slik:

Naturtype, utformingar og vegetasjonstypar:

«Tresjiktet er dominert av alm, med noko gråor og selje. rik edellauvskog.»

Artsmangfald:

«Av lav på styvingstrær ble det bl.a. funnet stor vulkanlav *Acrocordia gemmata*, almelundlav *Bacidia rubella*, klosterlav *Biatoridium monasteriense* (NT), *Bilimbia sabuletorum*, almelav *Gyalecta ulmi* (NT), sølvnever *Lobaria amplissima*, lungenever *Lobaria pulmonaria* og bleik skribelav *Opegrapha varia*. Av sopp på styvingstrær mm. ble det bl.a. funnet søstersnyltekjuke *Antrodiella faginea*, snyltekjuke *Antrodiella pallescens*, isabellabarksopp *Botryohypochnus isabellinus*, kameleonskinn *Ceraceomyces serpens*, hasselkjuke *Dichomitus campestris* (NT), skjellet rødskivesopp *Entoloma tjallingiorum* (NT), *Henningsomyces puber* (DD), almebroddsopp *Hymenochaete ulmicola* (NT), gulknorteskinn *Hyphodontia alutaria*, jupiterknorteskinn *Hyphodontia barba-jovis*, almekullsopp *Hypoxyton vogesiacum* (NT), *Immotthia atrograna* (på bjørkekullsopp), praktkjuke *Junghuhnia nitida*, rynkesagsopp *Lentinellus vulpinus* (NT), daltraktmusserong *Leucopaxillus paradoxus* (NT), vedtraktopp *Ossicaulis lignatilis*, *Peniophorella praetermissa*, tornerovskinn *Peniophorella pubera*, rustkjuke *Phellinus ferruginosus*, slimskjellsopp *Pholiota lenta*, kastanjestilkkjuke *Polyporus badius* (VU), kastanjestilkkjuke *Polyporus badius* (VU), kremkjuke *Postia hibernica* (DD), musemelkekjuke *Postia tephroleuca*, pudderplett *Propolis farinosa*, barpiggebevre *Protodontia piceicola* (VU), ferskenpote *Rhodotus palmatus* (EN), kløyvsopp *Hyphodontia paradoxa*, *Stictis radiata*, *Tomentella asperula*, *Trechispora cohaerens*, ostekjuke *Tyromyces chioneus*. Av moser på styvingstrær ble det bl.a. funnet kalkraggmose *Anomodon viticulosus*, tønnebustehette

*Orthotrichum striatum*, almeteppepose *Porella platyphylla*, broddtråklepose *Pseudoleskeella nervosa* og trådkjølpose *Zygodon rupestris*».

Lokaliteten Mardøla (BN00062523) er gammel boreal lauvskog av svært viktig verdi. Denne vert omtala slik:

Naturtype, utformingar og vegetasjonstypar:

«Enkelte mindre partier i dalbunnen har ensaldret, ung gråorskog, men det meste er gammel naturskog med heterogent skogbilde, god sjiktning, gamle trær og mye død ved. Typisk er et noe rotete skogbilde med stor treslagsblanding (særleg på sørsiden). Kraftige dimensjoner oppnås av både gråor (opptil 40 cm dbh), selje (langs elva), osp, furu (70-80 cm), alm (opptil 1 meter) og hassel, mens rogn ikke blir like grove. Gammel, smådimensjonert rogn er imidlertid rikelig tilstede særleg i blokkrik mark på skyggesida. I hele området finnes mye døde løvtrær av de fleste treslag, både stående og liggende, dels av grove dimensjoner, og med god spredning på ulike nedbrytningsstadier (men med relativt få sterkt nedbrutte i dalbunnen). Det er også spredte furulæger, dels meget kraftige, og i flere nedbrytningsstadier. Også kontinuiteten i død furu er trolig god, sett i sammenheng med de større furuskogsarealene som strekker seg vidare bortover liene mot sør. De grove almetrærne er stort sett gamle styvingstrær. Disse har grov og oppsprukket barkstruktur, grove greiner og en del er også hule og/eller med døde stammepartier. Grove, nedfalne almegreiner er vanlig, stedvis finnes også enkelte grove almelæger. På solsida finnes et parti som er tilnærmet ren almehage. Stort sett er det nå lenge siden styving har blitt gjort, bortsett fra et felt i ytterkanten av området i nordøst, mot parkeringsplassen, der slik aktivitet har blitt gjennomført nylig.»

Artsmangfald:

«Artsmangfoldet er usedvanlig rikt, både av lav og sopp. På steinblokker og gamle løvtrær er lungeneversamfunnet meget velutviklet og artsrikt (spesielt i den særegne, stabilt fuktige men samtidig lysåpne "blokkmarkskogen" på sørsiden), med bl.a. fuktighetskrevende arter som blåfiltlav, kystfiltlav, rund porelav og buktporelav. Sølvnever er påfallende vanlig, og også olivenfiltlav (VU) opptre rikelig (særleg på gammel rogn og på steinblokker). På steinblokk og rogn ble også hodeskoddelav (VU) funnet, som er meget sjelden i fylket, på stein finnes også langt trollskjegg (VU). Lungeneversamfunnet er ikke like godt utviklet i dalbunnen, men her er det til gjengjeld en rik lavflora av "glattbarkssamfunnet" (skorpelav) på gråor. En rekke sjeldne knappenålslav er påvist på gamle løvtrær og på vedrester under store steinblokker (så som smalhodenål *Chaenotheca hispidula* (EN), hvithodenål *C. gracilentata* (NT), rustdoggnål *Sclerophora coniotheca* (NT), kystdoggnål *S. peronella* (NT)).

På humus i bratt terreng ble fylkets første funn av huldrelav *Gyalecta friesii* (NT) gjort. Skjørnever *Peltigera frippi* ble funnet på mosedekt berg (arten er ellers på Vestlandet bare funnet en gang i Sogn og Fjordane og ved Digerurda lenger inne i Eikesdalen). På gammel alm er bl.a. almelav *Gyalecta ulmi* (NT), blådoggnål *Sclerophora farinacea* (VU) og bleikdoggnål *S. pallida* (NT) vanlige, enkeltfunn er også gjort av klosterlav *Biatoridium monasteriense* (NT), *Gyalecta geonica* og den meget sjeldne skorpelaven *Strangospora ochrophora* (i fylket bare kjent fra Eikesdalen).

Av sopp er det spesielt vedsopp som utmerker seg, og særleg arter knyttet til døde løvtrær i rik skog (både boreale løvtrær, alm og hassel). Mest spesielt er kanskje funn av ferskenpote *Rhodotus palmatus* (CR) på grov almelåg nord for elva, men av løvtrearter kan også bl.a. "almegrønnpigg" *Amaurodon viridis* (VU), "kastanjestilkjuka" *Polyporus badius* (VU), olivenhatt *Ramicola centuncula*, barksoppen *Hyphoderma puberum* (7 funn i Norge) og gullvokspigg *Mycoacia aurea* framheves. På gråorlag ble barksoppen *Tomentella punicea* funnet som ny for Norge. På furulæger finnes bl.a. hengekjuka *Oligoporus cerifluus* (EN), "kremkjuka" *O. septentrionalis* (= *Postia hibernica* s.str.), barksoppen *Phlebia serialis* (NT), og den svært sjeldne "furutrompetkølle" *Artomyces cristatus* ble funnet på ei kraftig furulåg i dalbunnen. Denne arten ble funnet ny for Norge i Buskerud 2008, og funnet i Mardalen er det andre i landet. Ellers er

"almebroddsopp" *Hymenochaete ulmicola* vanlig på almetrærne, nevnes kan også bl.a. "seljehvitkjuke" *Antrodia macra* (NT), rynkesagsopp *Lentinellus vulpinus* (NT), barpiggbevre *Protodontia piceicola* (DD). I tillegg er "moldjordselementet" av jordboende sopp knyttet til rik edelløvskog med alm og hassel velutviklet, med bl.a. NT-artene skjellet rødskivesopp *Entoloma tjallingiorum* og granathuldrehatt *Melanophyllum echinatum*, foruten ikke-rødlistede arter som tussehatt *Fayodia gracilipes*, kastanjeparasollsopp *Lepiota castanea* og filtskjellet parasollsopp *L. clypeolaria*. Trolig er også mykorrhizasoppfunngaen knyttet til hassel rik, men dette er dårligere undersøkt (falsk brunskrubbb *Porphyrellus porphyrosporus* NT er eneste påviste rødlisteart blant slike).

Moser er dårligere undersøkt, men også blant disse er flere interessante arter påvist: råtevedartene pusledraugmose *Anastrophyllum hellerianum*, grønnsko *Buxbaumia viridis* (VU) (på flere råtne rognelæger), råteflak *Calypogeia suecica*; på bergvegger bl.a. skjermose *Apometzgeria pubescens* og flatfellmose *Neckera complanata*; på alm kystbustehette *Orthotrichum lyellii*.

Karplantefloraen er også rik, men ikke like spesiell, og med unntak av orkidéen fuglereir (NT) er sjeldne/spesielle arter er ikke påvist. Av fugl har området utvilsomt stor verdi for hakkespetter og andre hullrugere. Laksand hekket i hul alm nederst i Mardalen 2007. Et par laksand viste også hekkeatferd april 2009 (oppskremt fra elvebredden, fløy sakte bort lavt over elva).»

Ei utviding av Mardalen naturreservat stettar kravet til vern etter naturmangfaldlova. Rike edellauvskogar er underrepresentert i verneområda i Møre og Romsdal, og tilbodsområdet har svært mange raudlisteartar.

### **Skogbruk**

Miljødirektoratet og Landbruksdirektoratet fekk den 1. juli 2020 i oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Landbruks- og matdepartementet å greie ut forvaltningstiltak knytt til skogvern og konsekvensar for averkinga og bidraget skognæringa hadde til det grønne skiftet. I rapport M-2007-2021 har direktorata foreslått retningslinjer for avvegingar.

I oppdrag frå Klima- og miljødepartementet datert 8.11.2021 bad Klima- og miljødepartementet om at forslaget blir sett i verk, med nokre mindre justeringar. For privateigd skog skal forslaget setjast i verk for område der det blir motteke tilbod etter 1. februar 2022, og ved vern av offentleg eid grunn for område der det blir meldt oppstart frå og med same dato.

Utviding av Mardalen er tilbode for frivillig vern av grunneigarane etter 1. februar 2022. Det blir difor omfatta av oppdraget frå Klima- og miljødepartementet. Verne- og skogbruksinteressene er samanfatta i tråd med skogvernrutina. Den fullstendige skogvurderinga ligg som vedlegg 2 i dette dokumentet.

Statsforvaltaren vurderer området si betydning for skogvernet som svært stor ut frå naturtypene og dei mange raudlisteartane som er påvist.

Området har svært liten betydning for skog- og trenæringa. Med eit volum på 1500 m<sup>3</sup> på 432 daa produktiv skog, er det her i fylket snakk om relativt lave volum/daa. Av kartet går det fram at det nesten ikkje er gran innafor verneavgrensninga (10 daa). Ser ein dette saman med topografien er det aller meste av dette volumet i terreng som er sett på som svært vanskeleg tilgjengeleg, er det tvilsamt at dette er å definere som område som vil gi netto til skogeigar. Vår vurdering er difor at dette vil ha liten/ingen innverknad på tømmertilgangen.

Ut frå dette hamnar Mardalen i kategori V1S7, sjå tabellen under. Detaljane går fram av vedlegg 2.

Tabell 1 Avveging mellom omsynet til skogvern og omsynet til skog- og trenæringa

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har mindre	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømmertilgangen						

### Andre brukarinteresser

Området er sett av til LNF-område i kommuneplanen sin arealdel. Vi er ikkje kjent med kulturminne i området.

### Saksbehandling

#### Oppstartsmelding

Statsforvaltaren sendte ut melding om oppstart av verneplanprosessen for etablering av naturreservat til fleire aktuelle interessepartar i brev av 23.04.2024. Frist for innspel til planarbeidet var sett til 15.05.2024.

Det har kome eitt innspel frå Norges vassdrags- og energidirektorat til oppstartsmeldinga. Dei ønskjer at verneforskrifta opnar for å kunne rydde vegetasjon langs det regulerte vassdraget. Vidare ønskjer dei at grunneigaren vert orientert om at det finst eit digitalt småkraftpotensiale i vassdraget, og dei vil at Elinett AS skal kunne uttale seg.

Vi følgjer opp desse innspela.

#### Forvaltingsstyresmakt

Molde kommune skal gjennom høyringsprosessen gje tilbakemelding på om dei ønskjer å bli forvaltingsstyresmakt for verneområda i tråd med gjeldande politikk på området. Forvaltingsstyresmakta blir fastsett gjennom forskrifta når området blir vedteke verna.

### Vidare saksgang

I samsvar med naturmangfaldlova og saksbehandlingsreglane i denne, sender Statsforvaltaren med dette verneframlegget på høyring.

Skogen blir taksert av ALLSKOG i samarbeid med Staten sin skogsakskunnige. Det blir gjennomført forhandlingar med grunneigarane om erstatning, avgrensing og framlegg til forskrift.

Etter denne lokale og sentrale høyringa, vil Statsforvaltaren, på bakgrunn av høyringsdokument og innkomne fråsegner, skrive ei tilråding til Miljødirektoratet. Direktoratet fremmer så saka for Klima- og miljødepartementet som deretter vil førebu ho og legge fram eit framlegg om vernevedtak for Kongen i Statsråd.

Etter vernevedtaket ved kgl. res. vil erstatningar bli utbetalte i samsvar med avtalen. Statsforvaltaren får så i oppdrag å gjere vedtaket kjent og sørge for at reservatet blir merka og skilta. Merking og oppmåling blir gjort av jordskifteretten etter krav frå Statsforvaltaren om grensegang og merking.

Framlegget til naturreservat går fram av vedlagt vernekart.

Ut frå normal saksbehandlingstid kan eit vernevedtak tidlegast skje i desember 2024.



Vedlegg 1.

## **Forskrift om vern av Mardalen naturreservat, Molde kommune, Møre og Romsdal**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .....med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

### **§ 1 Føremål**

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit variert skogsområde med sitt biologiske mangfold i form av naturtypar, økosystem, artar og naturlege økologiske prosessar. Området inneheld ein variert lauvskog med element av trua og sjeldan natur. Her er ein velutviklet edellauvskog med styva almar og hasselskog. I andre delar av området er naturverdien knytta til gråor-heggeskogen.

Artsmangfaldet er usedvanleg rikt, både av lav og sopp. Ein spesiell kvalitet er haustingsskogen med styva almar som både har ein særskilt naturvitskapleg og kulturhistorisk verdi. De fleste sjeldne sopp- og lavartane er registrert i haustingsskogen. Eit mindre område opp mot Mardalsfossen er påvirket av fossesprøyt. Her er både mosematter, men også gras og karplantar som er avhengige av rikeleg med vatn og som representerer naturtypen fossesprøytzone. Det er ei målsetting å behalde verneverdiane i mest mogeleg urørt tilstand, og eventuelt videreutvikle dei.

### **§ 2 Geografisk avgrensing**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Molde kommune: 279/2, 3, 4, 5, 7, 9, 10,11, 12, 34 og 37. Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 6.384 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Molde kommune, hos Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

### **§ 3 Vernereglar**

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar

- a. vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode
- b. dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode
- c. det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker el. l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte tilførsler av forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømmmande.
- d. bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode
- e. bålbrekking er forbode

#### **§ 4 Generelle unntak frå vernereglane**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. sanking av bær og matsopp
- b. jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk
- c. felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk
- d. beiting
- e. utsetting av saltsteinar
- f. oppsetting av midlertidige, mobile jakttårn for storviltjakt
- g. fjerning av mindre mengder kvist i samband med utøving av storviltjakt
- h. bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller medteken ved i samsvar med gjeldande lovverk
- i. drift og vedlikehald av turveg og sti som går gjennom området
- j. nødvendig rydding av vegetasjon i Mardøla sitt regulerte elveleie ved akutt behov for trykkleikstiltak mot flaum. Det skal i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta.

#### **§ 5 Regulering av ferdsel**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel

- a. motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy
- b. utanom eksisterande stiar er sykling, riding og bruk av hest forbode

#### **§ 6 Generelle unntak frå ferdselsreglane**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyning.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for

- a. naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før køyring skjer
- b. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget
- c. naudsynt motorferdsel i samband med rydding av vegetasjon i Mardøla sitt regulerte elveleie som akutt tryggleikstiltak mot flaum, jf. § 4 bokstav j. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltningsstyresmakta
- d. landing og start med Forsvarets luftfartøy

#### **§ 7 Spesifiserte dispensasjonsreglar**

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til

- a. istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne
- b. tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk
- c. naudsynt uttransport av felt elg og hjort med andre køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b
- d. ringbarking, hogst og uttak av gran, platanlønn og andre framande treslag
- e. merking og rydding av nye stiar
- f. avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 andre ledd bokstav d
- g. oppsetting og vedlikehald av gjerde
- h. gjenoppføring av bygningar og anlegg som går tapt ved brann eller naturskade

- i. øvingskøyning for formål nemnt i § 6 første ledd
- j. planmessig rydding i Mardøla sitt regulerte elveleie som tryggleikstiltak mot flaum
- k. naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 bokstav e, j og § 7 bokstav b, d, g, h og

### **§ 8 Generelle dispensasjonsreglar**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

### **§ 9 Skjøtsel**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

### **§ 10 Forvaltningsplan**

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningsliner for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

### **§ 11 Forvaltingsstyresmakt**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Denne forskrifta trer i kraft straks.

## Mal for skogfaglig beskrivelse av enkeltområdene som tilbys for frivillig vern og offentlig grunn som vurderes for vern

Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Molde
Område	Mardalen, Eikesdal
Gnr/Bnr	279/7 og 279/37

### Tømmertilgang (arealer, kubikkmasse, infrastruktur, foredling) som påvirkes

Skogvern, tømmertilgang og avvirkning i aktuell fylke/kommune	Kommune		Fylke	
	Areal	Kubikkmasse	Areal	Kubikkmasse
Foreslått skogvern produktivt skogareal	191			
Foreslått skogvern totalt skogareal	362			
Foreslått skogvern totalt areal	432	xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Eksisterende skogvern produktivt skogareal	9044		57 583	
Eksisterende skogvern totalt skogareal	15869		112 465	
Eksisterende skogvern totalt areal		xxxxxxxxxxxx		xxxxxxxxxxxx
Gjennomsnittlig avvirkning siste 5 år		18 108		271 481
Stående volum og produktivt skogareal	337 629		2 826 463	
Stående volum og totalt skogareal	473 898		4 460 244	
<p>Kommentar til hvordan tømmertilgangen påvirkes</p> <p>Tømmertilgangen påvirkes i svært liten grad. Så og si ikke gran i feltet, og lite tilgjengelig furu som vil kreve større inngrep for å kunne tas ut med moderne utstyr. Store deler av området er definert som svært bratt.</p> <p>Kilde til data: Skograpport Kilden</p>				

### Tilbudt/vurdert område

Arealer fordelt på produksjonsevne (AR5)					
Høg bon. (26-17)	Middels bon. (14-11)	Låg bon. (8-6)	Totalt produktivt areal	Totalt skogareal	Totalt areal
97	94		191	362	432
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Stort sett edellauv i området, som ikkje er interessant næringsmessig.</p> <p>Kilde til data: Skograpport Kilden</p>					

Treslag, areal og kubikkmasse						
	Hkl. I-III		Hkl IV-V		Sum	
	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse	Produktivt areal	Kubikkmasse
Grandominert						
Furudominert						
Lauvdominert			191	1500	191	1500
SUM			191	1500	191	1500
Herav nøkkelbiotoper						
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes            Kun spredt innslag av furu, uten plantefelt. Et lite område mellom li-foten og elva som er drivbart, men uten høstbare treslag, annet enn vedhogst</p> <p>Kilde til data: Skograpport Kilden, SR16</p>						
Driftsforhold			Gruppering	Produktivt skogareal	Kubikkmasse	
Aktuelt driftsutstyr/maskiner			Hjul-/beltegående			
			Taubane, lekter m.m			
Transportavstand til leveringsplass/bilveiskant på hogsttidspunktet			<1500 m			
			1500-2500 m			
			>2500 m			
<p>Kommentarer til området og hvordan omkringliggende områder påvirkes</p> <p>Gammelt beiteområde i deler av de flatere områdene ned mot elva. Ikke kultivert eller tilplantet etter beiting, så ikke relevant</p> <p>Kilde til data:</p>						
Infrastruktur					Kubikkmasse	
Bortfall av kubikkmasse til skogsbilvei						
Bortfall av kubikkmasse til togterminal						
Bortfall av kubikkmasse til tømmerkai						
<p>Kommentarer til hvordan eksisterende, planlagte og mulige nye investeringer påvirkes</p> <p>Kan ikke se at dette området vil få innvirkning på tømmertilgangen i fylket i det hele tatt</p> <p>Kilde til data:</p>						

## Oppsummering

Verbal beskrivelse:

- Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt
- Skogproduksjon
- Driftsforhold
- Infrastruktur

Tømmertilgang - tallmessig beskrivelse:

Areal

Kubikkmasse

A Har betydning

B Kan få betydning

C Har mindre betydning

Verbal beskrivelse:

- Oppsummering og vurdering i forhold til konsekvenser for avirkningen, konsekvenser for skog- og trenæringen lokalt og regionalt.

Vern av Mardalen 1 og 2 har ikke betydning for skogbruket i Møre og Romsdal, Mardalen 1 er vurdert «uten betydning», gitt topografi, infrastruktur og treslagssammensetning. Mardalen 2 er en veglaus odde mellom «Lavransfløtbekken» og Eikesdalsvatnet, ukultivert mtp skogbruk, uten vegtilgang i et av de brattere områdene i fylket, så det er ikke relevant å vurdere.

## Skjema for avveing av områders betydning for vern og betydning for tømmertilgangen

### Mardalen naturreservat, utviding

Tabell 1 Nøkkeldata for området

Navn på område					
Totalt areal	439 daa	Produktivt skogareal	191 daa	Totalt skogareal	432 daa
Fylke	Møre og Romsdal				
Kommune	Molde				
Eierform	Privat				

#### Formål

Avveiningen skal sikre at skogvernet bidrar effektivt til å oppfylle de nasjonale målene for naturmangfold, samtidig som vernet gjennomføres på en slik måte at det får minst mulig konsekvenser for skog- og trenæringen.

### Betydning for skogvernet

Tabell 2 Oppsummering - verneforslaget sin betydning for skogvernet

Verbal oppsummering og vurdering			
• Sjå utgreiing, naturbase.no			
Verneverdi	Svært høg	Nær truete og truete naturtyper	Flomskogsmark, rik edellauvskog
Mangelinndekning	Høg	Restaureringspotensial for truet natur.	Kort sikt (0-20 år). Fjerning av introdusert gran
Betydning for økologisk nettverk	Stor	Kan manglene dekkes et annet sted, med mindre skogbruksmessig betydning	Nei, utvidinga vil binde saman eit oppdelt naturreservat
Nær truete og truete arter	7 - NT, 6 - VU, 3 - EN,		
<b>Konklusjon</b>		Har betydning	
Verbal beskrivelse:			
<ul style="list-style-type: none"><li>Området fangar opp 2 truga naturtypar med eit stort tilfang av raudlisteartar</li><li>Området vil kunne bli tilgjengeleg for ulike tekniske inngrep. Ein mistar heimelen til å fjerne spreidde framande artar og introduserte artar som gran.</li></ul>			

## Betydning for skog- og trenæringen

Tabell 3 Oppsummering – verneforslaget sin betydning for skog- og trenæringen. Oppsummeringen baseres på opplysninger som framkommer for den skogfaglige malen som ble utarbeidet i deloppdrag 1

Verbal oppsummering og vurdering:		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skogvern – betydning for skog- og trenæringen lokalt og regionalt</li> <li>• Skogproduksjon</li> <li>• Driftsforhold</li> <li>• Infrastruktur</li> </ul>		
Tømmertilgang - Tallmessig beskrivelse	Areal	Kubikkmasse
Gruppe S1-S3 Har betydning		
Gruppe S4-S6 Kan få betydning		
Gruppe S7 Har mindre betydning	432	1500
Verbal beskrivelse: Vern av Mardalen 1 og 2 har ikke betydning for skogbruket i Møre og Romsdal, Mardalen 1 er vurdert «uten betydning», gitt topografi, infrastruktur og treslagssammensetning. Mardalen 2 er en veglaus odde mellom «Lavransfløtbekken» og Eikesdalsvatnet, ukultivert mtp skogbruk, uten vegtilgang i et av de brattere områdene i fylket, så det er ikke relevant å vurdere.		

## Områdets betydning for skogvernet og for skog- og trenæringen

Tabell 4 Områdets betydning for skogvernet og for tømertilgangen.

Betydning for vern	Har	V1	V1S7	V1S6	V1S5	V1S4	V1S3	V1S2	V1S1
		V2	V2S7	V2S6	V2S5	V2S4	V2S3	V2S2	V2S1
		V3	V3S7	V3S6	V3S5	V3S4	V3S3	V3S2	V3S1
	Kan få	V4	V4S7	V4S6	V4S5	V4S4	V4S3	V4S2	V4S1
		V5	V5S7	V5S6	V5S5	V5S4	V5S3	V5S2	V5S1
		V6	V6S7	V6S6	V6S5	V6S4	V6S3	V6S2	V6S1
	Har	V7	V7S7	V7S6	V7S5	V7S4	V7S3	V7S2	V7S1
			S7	S6	S5	S4	S3	S2	S1
			Har mindre	Kan få			Har		
			Betydning for tømertilgangen						

Området plasseres i matrisen. Plassering markeres med blå farge.



## Avveining

Tabell 5 Avveining mellom hensynet til skogvern og hensynet til skog- og trenæringen

Konklusjon	
Vern gis prioritet	Ja
Arealreduksjon	Ja
<p>Området har fleire truga naturtypar og eit stort utval av raudlisteartar. Det er skogtypar som er underrepresenterte i verneområda i fylket. Vern vil sikre området mot uheldig påverknad. Skogsdrift ville vere vanskeleg og dyrt.</p> <p>Den delen av tilbodet som alt er verna som landskapsvernområde vert ikkje tilrådd omgjort til naturreservat. Dette utgjer ca. 135 daa.</p>	